

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C00, FE - 505	17/1638

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
69/2017	Utval for levekår	PS	12.09.2017

Kulturstipend 2017

Vedlegg:

Kulturstipend 2017
CV 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kulturstipendet for Meland kommune vart oppretta av Kommunestyret den 10.5.2017, i KS-45/2017. Stipendet skal gå til ein kunstnar/kulturutøvar, som er registrert busett i Meland kommune, har si verksemd herfrå, og som har heile eller delar av si inntekt frå kunstnarisk eller kulturell verksemd. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling og lokale kulturopplevingar.

Stipendet skal normalt delast ut med søknadsfrist 1. mars kvart år, for 2017 vart søknadsfristen sett til 15. juni.

Det har komme ein søknad til Kulturstipendet for 2017. Søkjar er Kristine Fluge.

Vurdering

Stipendet skal gå til eitt eller fleire av følgjande tiltak:

Utvikling av lokalt kulturliv i samarbeid med aktørar frå lokal amatørkultur, som leiar fram til eit ferdig produkt eller framsyning.

Kunnskapsoverføring mellom profesjonelle aktørar og lokalt amatørkulturliv.

Eigenutvikling og aukiing av kompetanse, som kjem det lokale kulturlivet til gode.

Prosjekt som stimulerer og sikrar overføring av lokal kunnskap og kultur, og immateriell kulturarv.

Aktuelle uttrykksformar er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthandverk og film/media. Stipendet skal delast ut etter ei vurdering av kunstnarisk innhald, gjennomføringsevne og verdi for det lokale kulturlivet.

Oppsummering av søknaden og tiltaket

Søknaden omhandlar *Musisk integrering i tverrkulturelle musikkgrupper*. Tiltaket har som mål å

engasjere fleire flyktning- og innvandrarfamiliar i musikkaktivitetar og knyte band mellom småbarnsforeldre i Meland og nybusette flyktning- og innvandrarforeldre gjennom musikalsk aktivitet. Samlingane skal gå føre ein gong i veka, mellom 8 – 10 gongar hausten 2017 og tilsvarande våren 2018. Songane vil vere kjente norske barnesongar og lokale folketonar, samt at gruppa vil verte oppmoda til å utveksle songmateriale frå eigen heimstad. Tiltaket skal gjennomførast av Kristine Fluge og Wesal Alhuski Husin, som er frå Syria og har eit breitt kontaktnett blant flyktningar i kommunen. Meland Helselag bidreg med si tid i lokala på Eldresenteret, og tiltaket vil gli saman i deira småbarnstreff. Frivilligsentralen og flyktningkonsulent i kommunen vil bidra med nettverk blant flyktningane. Tiltaket vil ikkje ha deltakaravgift.

Budsjettet viser utgifter i hovudsak til honorar i samband med planlegging, gjennomføring og rapportering av tiltaket. Oppgitte leigeutgifter til Nordgardsløa går ut sidan ein vil nytte Eldresenteret vederlagsfritt. Søkjar viser òg til dekking av kaffi og te, som går ut. Godkjent revidert budsjett syner utgifter på kr 26 000 og inntekter på kr 8 800, med ein resterande søknadssum på kr 17 200.

Tiltaket vert vurdert til å oppfylle retningslinene for Kulturstipend for Meland kommune ved å kunne sørge for utvikling av lokalt kulturliv og kunnskapsoverføring av kompetanse og lokal kultur. Vidare vil tiltaket bidra til tverrkulturelle og inkluderande møteplassar med fokus på musikk-, kultur- og språkutveksling. Tiltaket strekk seg over tid og vil kunne byggje ny kompetanse for tverrkulturelle møteplassar i kommunen, og danne grunnlag for vidare aktivitet.

Søkjar er mellom anna songar, dirigent og instruktør, og har erfaring frå folkedans og drama. Ho har arbeid med musikk og kultur på profesjonell basis i over 30 år, og er busett på Litlebergen. Søkjar vert vurdert til å oppfylle krava i retningslinene.

Søknad og CV ligg ved saka.

Folkehelse

Tiltaket vil ha ein positiv innverknad på folkehelsa ved å stimulere og danne kulturelle møteplassar mellom ulike delar av befolkninga i kommunen.

Miljø

Tiltaket har ikkje konsekvensar for miljøet, anna enn lokal transport.

Økonomi

Tiltaket er innafor eksisterande rammer.

Konklusjon

Vurdering av kulturstipend for Meland kommune 2017 ligg føre, med ein søkjar. Søknaden vert vurdert til å oppfylle krava i retningslinene, ha tydeleg verdi for lokalt kulturliv, med høg gjennomføringsevne og eit kunstnarisk innhald i den tverrkulturelle musikkutvekslinga som vert lagt opp til. Det vert tilrådd og yte Kulturstipend til søkjar på kr 17 000, i trå med godkjent revidert budsjett.

Føresegn for tildeling

Søkjar skal rapportere for tiltaket innan 15.6.2018. Stipendet vil verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår godkjenner tildeling av Kulturstipendet for Meland kommune 2017 til Musisk integrering i tverrkulturelle musikkgrupper ved Kristine Fluge, på kr 17 000

Utval for levekår - 69/2017

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Utval for levekår godkjenner tildeling av Kulturstipendet for Meland kommune 2017 til Musisk integrering i tverrkulturelle musikkgrupper ved Kristine Fluge, på kr 17 000.